

MØTEBOK

Kommune	Styre, råd, utval	Møtestad	Møtedato	Frå kl. 19.00 Til kl. 21.00
Aurland	Fjellstyret	Fjordsenteret	8.11.22	

TIL STADES PÅ MØTET

Medlemar Sigurd Vikesland, Erling Nesbø, May Britt Martinsen, Leif Turlid, Tor Olav Kvam.

**Vara-
medlemar**

Andre Aron Freyr Gudmundsson, Håkon Øydvin, Harald Skjerdal.

HANDSAMA SAKER

Sak nr./år

28/22, 29/22, 30/22, 31/22, 32/22.

UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.

UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til

Fjellstyremedlemene og -varamedlemene.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 8.11.22

Stad: Fjordsenteret

Sak 28/22. Reinsjakta 2022, oppsummering

Fellingsstatistikken for jakta 2022 vart utdelt og gjennomgådd i møtet, saman med Veterinærinstituttet sitt diagram «sannsynlighet for fravær av CWD.» Fjellstyret tok rapportane til vitande.

Sak 29/22. Fjellstyret sitt oppsynsbudsjett for 2023

Saksutgreiing med framlegg til oppsynsbudsjett låg føre.

Samrøystes vedtak:

Det framlagde oppsynsbudsjettet for 2023 vert godkjent og oversendt Statskog SF.

Sak 30/22. Overføring av jaktbu i Norddalsbakkane til fjellstyret

Saksutgreiing vedlagt e-post frå Statskog SF og kopi av avtale med tidlegare eigar låg føre.

Handsaming i møtet

Tor Olav Kvam stilte spørsmål ved kvifor vedlegga til saksutgreiinga ikkje var lagde ut på heimesida til fjellstyret. Han fekk til svar at det var av omsyn til personvern og GDPR-retningsliner. Dagleg leiar sjekkar nærmare kva regelverket seier om dette.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret går inn for å overta bu i Norddalsbakkane med fnr. 9002, for å disponera denne som jakt- og fiskebu open for ålmenta. Fjellstyret melder til Statskog SF at utvisingsforretning kan gjennomførast i medhald av § 35 i Fjellova.

Sak 31/22. Kåring av beste video av born og unge som fiskar

Det var kome inn eitt bidrag til konkurransen som fjellstyret hadde lyst ut, frå Sigurd Skjærlund Øi.

Samrøystes vedtak:

Den utlyste premien på 5000 kroner for beste video med born og unge som fiskar med garn i Aurland vert tildelt Sigurd Skjærlund Øi.

Aurland, den 9.11.22

Utskrift til: Fjellstyremedlemane og
-varamedlemane

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 8.11.22

Stad: Fjordsenteret

Sak 32/22. Referat og meldingar

Følgjande meldingssaker låg føre:

- 1) Møtebok fjellstyremøte 7. juni
- 2) Tildeling av prisen «Fjellstyret Jo» under Norges fjellstyresamband sitt landsmøte 9.-10. juni
- 3) Aurland kommune, brev 19. juni: Melding om vedtak – styregodtgjersle til fjellstyremedlemene
- 4) Aurland kommune, brev 27. juni: Ferdigattest hengebru på gbnr 57/2
- 5) Møtebok fjellstyret 2. juli: Tilbod om å overta arbeidsgjevaransvar for CWD-koordinator
- 6) Møtebok fjellstyret veke 33: Nedsetjing av døgnavoten per jeger frå 2 til 1 rype
- 7) Småviltjakthelg for jenter arrangert i Stemmerdalen 1.-2. oktober
- 8) E-post 5. oktober frå ordførarutvalet i Nordfjella v/Hans P. Thorbjørnsen - svar på tilbod om å overta arbeidsgjevaransvar for CWD-koordinator
- 9) E-post frå Norges Fjellstyresamband 6. oktober: 7 millionar meir til fjellstyra i statsbudsjettet for 2023
- 10) E- post frå Norges fjellstyresamband 21. oktober - Revisjon av viltlova – innspelsmøte 2. desember
- 11) Invitasjon til haustmøte for Hardangervidda villreinområde laurdag 26. november, Vestlia på Geilo
- 12) Orientering om hjortejakta i Nordheimsdalen så langt i haust. Håkon Øydvin orienterte.
- 13) Neste fjellstyremøte, med juletallerk, vert halde ein dag i tidsrommet 7.-9. desember. Harald sjekkar nærare med aktuelle møte- og serveringsstader.

Aurland, den 9.11.22

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og
-varamedlemene

